

Karmøy kommune
Pb. 167

4291 Kopervik

Dykkar ref.:
23/7754
Dato: **11.10.2023**
Saksnr.: **2023/61722**
Dok.nr.: **3**
Saksbehandlar:
Angunn Skeiseid**Karmøy kommune - gnr 143 bnr 7 - dispensasjon - frådelling av to bustadhus på landbrukseigedom – fråsegn vedrørende kulturminne**

Fylkesdirektøren viser til søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sitt LNF-føremål på gnr 143 bnr 7 i Karmøy kommune. Søknaden dreier seg om frådelling av to bustadhus på landbrukseigedom.

Fylkesdirektøren har vurdert saka som sektorstyresmakt innanfor kulturminnevern. Vi har ingen merknader til sjølve frådellinga, men dersom det i framtida er tenkt å bygge på eigedommen, finn vi det naudsynt å synfare området. Dette for å avgjere om det er potensial for ikkje-registrerte automatisk freda kulturminne, primært i form av busetnads- /aktivitetsspor under dagens markoverflate, som kan komme i konflikt med tiltaket. Vi vurderer potensialet som høgt all den tid det er registrert fleire automatisk freda kulturminne i området frå før.

Vi gjer merksame på at kommunen kan gi rammetillating innanfor sitt myndigheitsområde, med forbehold om at igangsetjingstillating ikkje vil bli gjeve før Rogaland fylkeskommune, seksjon for kulturarv, har gjennomført synfaringa og eventuelle kulturhistoriske registreringer, samt at forholdet til eventuelle automatisk freda kulturminner er avklart, jf. pbl § 21-5.

Helsing
Leif Håvard L. Vikshåland
fagleiarAngunn Skeiseid
spesialrådgjevarKopi til:
Statsforvaltaren i Rogaland

Dette dokumentet er godkjent elektronisk. Ver vennleg å oppgje vårt saksnr når du svarar på brevet.